



Vedlegg til sak: Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge 10 småkraftverk i Flora kommune

Saksutgreiing for Langedal kraftverk i Flora kommune

1. Omtale av tiltaket.

Utbyggingsområdet ligg i Langedal i Flora kommune, om lag sju km øst for Eikefjord. Langedalselva (Agledalselva høgare oppe, Sorelva lenger nede) er ei sideelva i Oselvvassdraget. Søkjaren er Langedal Kraft AS (under skiping) som vil stå for utbygging og drift av kraftverket. Selskapet er eigd av dei grunneigarane som har fallrettar i prosjektet. Dalføret der elva renn, er prega av jordbruk, beiteaktivitet og hogst. Det er ikkje bygningar eller dyrka mark i nærleiken av utbyggingsområdet. To store kraftliner (132 kV og 66 kV) passerer gjennom utbyggingsområdet.



Hovuddata for Langedal kraftverk.

Tilsig	
Nedbørsfelt , km ²	19,5
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek	1,716
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	226
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	291
Fem-persentil* vinter, liter/sek	236
Kraftverk	
Inntak, kote	215
Avløp, kote	76
Brutto fallhøgde, meter	139
Slukeevne, maks m ³ /sek	2,574
Slukeevne, min m ³ /sek	0,2
Installert effekt, maks MW	3,0
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter l/sek	300/200
Brukstid, timar	4000
Produksjon	
Årleg middel, GWh	12,01
Økonomi	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	30,5
Utbyggingspris, kr/kWh	2,54

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Inntaket er planlagt på kote 212 ca. 300 frå ein eksisterande skogsveg. Det vil bli støypt ein terskel over elva, ca. 20 meter lang og 3 meter høg. Vassvegen ned til kraftstasjonen (ca. 1100 meter) er planlagt som nedgravd rørgate. Rørtraseen går stort sett i skogkledd område og må på ei kortare strekning (100 meter) forsere ein bratt skrent. Her vert det vurdert boring i fjell eller rørgate i sprengt grøft eller over terreng. Bredde for skogrydding langs vassvegen vil være ca. 20 meter. Kraftstasjon med grunnflate ca. 60 m 2 vil bli plassert på kote 76 og avløpet vil gå tilbake til elva gjennom ein kort kanal. Det må byggast ca. 300 meter veg til kraftstasjonen og ca. 450 meter veg til inntaket. Tilknytning til eksisterande 22 kV linje er planlagt som 450 meter jordkabel og 350 meter luftlinje.





Riksveg 5 mellom Førde og Florø øvst. 132 kV og 66 kV linjer nederst.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Søkjaren foreslår å sleppe ei minstevassføring på 300 l/s i tida 01.05.- 30.09 og 200 l/s resten av året. Miljøfagleg rådgevar tilrår at minstevassføringa om sommaren vert utvida til å gjelde frå 15. mars til 15 oktober, samt at 5 persentilen vert lagd til grunn for minstevassføringa om vinteren. Framlegget er ikkje så ulikt framlegget frå søkjaren og vil bety redusert produksjon i storleik 0,15-0,2 GWh/år. Etter utbygginga vil middelvassføring over året bli redusert til 24 % av naturleg vassføring på utbyggingsstrekninga.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, flaum og erosjon

Tiltaket vil ikkje ha nemnande konsekvensar for vasstemperatur, isforhold og lokalklima og heller ikkje for grunnvatn og erosjon. Kraftverket si slukeevne er 2,6 m³/s og den største berekna flaumvassføringa er 12,6 m³/s. Utbygginga vil ha ein liten flaumdempande effekt.

Biologisk mangfald, sitat

Tiltaket fører til vesentleg reduksjon i vassføringa mellom inntaket og kraftverket. Dette vil m.a. medføra sterkt redusert produksjon av ymse invertebratar, noko som i sin tur medfører dårlegare tilhøve for vasstilknytte fuglar. I tillegg vil tilhøva for fuktkrevjande kryptogamar bli dårlegare i fosseengene ved Langedalsfossen.

Det vart funne ein raudlista (sårbar) art midtvegs i området, nemleg skorpefildlav. Ved Langedalsfossen er det påvist fosseeng med mange fuktkrevjande moseartar, men ingen raudlisteartar er påvist. Likevel reknar ein at lokaliteten har eit visst potensiale for funn av raudlisteartar. På denne bakgrunnen anbefaler miljøfagleg konsulent ei ganske høg minstevassføring, 250 l/s, for å ta vare på naturverdiane og miljøet langs fossen.

Samla verdivurdering av utbyggingsområdet inkludert influensområdet vert vurdert som middels. Samla omfang og konsekvens for tiltaket vert rekna som middels negativt.

Fisk og ferskvassbiologi, sitat

Den delen av vassdraget som er omfatta av utbyggingsplanane er for det meste sett på som fisketomt, men det finst småfallen bekkeare i den sakteflytande delen av elva. I øvre deler av vassdraget, i Storevatnet og Jonstadvatnet, finst det ein relativt stor bestand av aure. Sørrelva, nedanfor utbyggingsområdet, er rekna som ei svært viktig gyteelv for det lakseførande hovudvassdraget, Oselva. Det finst ikkje anadrom fisk i den delen av Langedalselva som er planlagt utbygd.

Redusert vassføring etter utbygginga vil gje redusert areal for produksjon av botndyr, medan redusert vassføring gjev auka vasstemperatur og kan føre til auka tettleik av botndyr i dei vassdekte botnareala.

Det vil bli slept minstevassføring heile året for å oppretthalde biologisk produksjon i elva etter utbygginga.

Landskap og INON

Området rundt inntaket og demninga er relativt flatt, men ca. 800 meter nedanfor stupet elva i fleire fossar ned ei bratt li til den planlagde kraftstasjonen. Lia er prega av berghamrar og ulendt terreng. Det er verken bygningar eller dyrka mark langs elva i utbyggingsområdet, men to kraftlinjer passerer elva i den øvre delen. Skogen og utmarka ber preg av lang tids beite og hogst. Fossen i elva er synleg frå gardane i Langedal i periodar med stor vassføring. Søkjarane meiner at slepping av minstevassføring vil bidra til å redusere det negative visuelle intrykket ein kan få ved at vatn vert fråført. Eksisterande gards- og skogsvegar langs vassdraget og dei to kraftlinjene, 132 og 66 kV gjennom øvre deler av planområdet, gjer at tiltaket ikkje vil bety tap av INON.



Figur 7. Her kan ein sjå Langedalsfossen heilt øvst. Det er nærast samanhengande fall eit godt stykke nedover frå dette. (Foto; Karl Johan Grimstad ©).



Fig. 26: Oversiktsbilde Langedalsfossen, mars 2008.



Figur 12. Her kan ein sjå det nedste fallet i Langedalsfossen. Kraftstasjonen vert liggjande heilt til venstre på dette biletet. (Foto; Karl Johan Grimstad ©)

Kulturminne.

Så langt ein kjenner til, vil tiltaket ikkje påvirke kulturminne i området.

Brukarinteresser

Elvestrekninga er ikkje i bruk til fritidsfiske, utbygginga vil ikkje ha nemnande konsekvensar for fiskeinteresser. Utbygginga vil ikkje få varige konsekvensar for vilt og jakt. Utbyggingsområdet er lite brukt som turområde. Ingen konsekvensar er venta.

Samfunnsmessige verknader, sitat:

Det lokale næringsgrunnlaget blir styrka og utbygginga vil bidra til lokal aktivitet. Det offentlege vil få skatteinntekter på 0,5 mill. kr etter nokre år. Tiltaket vil gje ein mindre sysselsettingseffekt i byggetida og ca. 1/3 årsverk i driftsfasen. Ulempene ved tiltaket er vurdert som små.

Sumverknad

Ikkje vurdert i søknaden.

Avbøtande tiltak, sitat.

Det er foreslått slepping av minstevassføring 300 l/s i tida 01.05. – 30.09. og 200 l/s resten av året. Sleppinga medfører eit produksjonstap på 2 GWh/år til netto kapitalisert verdi på 7 mill.kr, (noverdianalyse periode 40 år).

3. Fylkesrådmannen si vurdering - fordelar og ulemper - avbøtande tiltak

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 12 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er kr. 30,5 mill. Utbyggingsprisen kan bereknast til 2,54 kr/kWh, som er godt under middels for tilsvarende anlegg i distriktet. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap i samband med bygging av dam i elva, rørgate til inntaket, kraftstasjon, tilkomstvegar til inntaket og til kraftstasjonen og redusert vassføring i elva med Agledalsfossen.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Fylkeskommunen har utarbeid Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (fylkestinget des. 2012). I delområdet Flora – Bremanger er det markert 15 fossar/stryk som er viktige landskapselement. Angledalsfossen i Langedalselva/Angledalselva er mellom desse.

I retningslinjene til planen er fossar som er viktige landskapselement gitt prioritet tre:

Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konflikstar i høve til aktuelle arealinteresser.

I planen er det definert fjordlandskap langs fjordane og dei største innsjøane i fylket.

Langedalselva/Agledalselva ligg ikkje i fjordlandskap.

Kulturminne

Har kun omtale frå historiske kjelder om nyare tids kulturminne. Manglar omtala av kva som er der i dag. Det tilsendte materialet er for dårleg til at vi kan vurdere tiltaket si påverknad for kulturminne frå nyare tid.

Erfaringsmessig ligg det ofte eldre tids kulturminne knytt opp til vassdrag. Det er ingen kjende automatisk freda kulturminne i området, men vi vurderer at potensialet for å finne slike er tilstades. Vi ber tiltakshavar om å ta kontakt med fylkeskommunen slik at § 9 undersøkingar kan gjennomførast så fort som råd.

Samla vurdering for Langedal kraftverk

Agledalsfossen er godt synleg frå riksveg 5 mellom Florø og Førde. Det er busetnad og andre vegar i nærområdet. Tiltaket vil redusere verdien av elva/fossen som landskapselement, men vil truleg ikkje ha særlege konsekvensar for friluftsliv. Søkjaren sitt forslag om minstevassføring vil dempe verknadene av utbygginga. Forslaget frå den miljøfaglege rådgjevaren vil utvide sesongen med sommar-minstevassføring og auke minstevassføringa om vinteren noko. Dette vil virke positivt også for det visuelle inntrykket av fossen. Utbygginga er i utgangpunktet rimeleg, slik at det bør vere rom for å utvide perioden med sommar-minstevassføring. Det er aktuelle utbyggingsprosjekt i nærområdet, men det kan ikkje ventast spesielle, negative sumverknader. Fylkesrådmannen vil rå til at det vert gitt konsesjon.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at fordelande ved tiltaket vil vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Perioden med minstevassføring om sommaren bør aukast som foreslått av miljørådgjevaren